



Kjell Yri frå Venstre er ein av uskedalingane i kommunestyret og han sit også i formannskapet. Her sit han lengst til venstre (Foto: Ola Matti Mathisen)

Onsdag klokka 19 kan ein møta Uskedal-politikarane i Gamleskulen der oktober-møtet til Uskedalen utvikling vert avvikla. Dei som har saker dei ynskjer å drøfta med dei folkevalde må nytta høvet no. Fleire aktuelle tema står på dagsorden: Sentrumsutvikling og stadanalyse, skulen, trafikksikring og bustadbygging. Men det er sjølvstøtt høve til å ta opp også andre tema.

For eitt år sidan gjorde Uskedalen eit svært godt val. 6 frå vår bygd kom i kommunestyret. Det var Magne Huglen og Jostein Grov frå Arbeidarpartiet, Gunn Mari Moberg frå Høgre, Eskil Moen frå Framstegspartiet, Elin Legland frå Senterpartiet og Kjell Yri frå Venstre. Inga bygd i kommunen har ein så fyldig representasjon i denne perioden og no er spørsmålet om dei folkevalde frå Uskedalen har innfridd forventningane sett frå veljarane sin synsstad. Ein av dei, Elin Legland, bur for tida i Qatar, men dei andre bør ha høve til å møta fram onsdag kveld.

Av Ola Matti Mathisen



Skulen sin situasjon vil bli eit tema onsdag